Førsteblad 

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 — Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Utsira

Emne: Julenissen — Bygdelag: /

Oppskr. av: Thorolf Kvalevik — Gard: Kvalevik

(adresse): Utsira — G.nr. 31 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Skikken med julenissa har i grunnen vore lite brukt her, men trass det har det likevel frå gamal tid - kor lenge veit ein ikkje - vore segner om denne gilde mannen som kvart jul fer i vitjing med gode gåver til borna. Det var då sett det vilkår, at hadde ein ikkje vore gild fekk ein ikkje noko gåva.

Dette er noko som det berre har vore prata i med borna, sjeldan er det at nokon tek på seg stillinga som julenisse. Nett er det, skikken er gamal kjend, men kvar den fyrst kom frå er uråd å kunne avgjera, nærmast å tru er at kunsten har vore i fylgje med innflyttarar, og at den er hollegamal.

2. Gåvene ein fekk var det sagt om, at nissen i løynd hadde vore på gjesting med dei, men fekk aldri sjå denne nissemannen med eit so ættemeleg namn, men lide vel vera so gild.

11206

I den seinare tid er nissen vorte meir synleg, men må han av omsyn til dei aller minste syna varsemd, elles

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vert det eit rammaskrik som korkje nissen eller fleire med, tykkjer det er serleg hugnad med.

Men nissen har det ovsaleg er det sagt, han har mange å sjå innom til på ein julekveld, at det vert ikkje stunder å syna godhug att for gåvene han ekla til kvar og ein

3. Jamnast er det at ein kvenn av dei eldste borna i huslyden tek på seg rolla å vera julenisse. Stor, liten eller staseleg vert det ikkje teke omsyn til, det som er mest om å gjera er at han er ukjenneleg.

4. Maska med kvitt skjegg og raud pinnhuva må han ha, men bunaden elles kan det vera so hipp som happ med.

5. Det er kjøpte masker som er dei mest vanlege, av anna utstyr kjøpes det ikkje.

6. Går ein julebukk må det og maska til, utan den ingen julebukk.

Det å gå julebukk er ganske nytt her.

Det er borna som finn moro i dette oppsinna, men gjeld det i dette som med nissen, ein må vera heilt ukjenneleg, då det er det som er punktet med heile moroa. Tagleus vankar det noko lite av godter og til bukkane, eit eple, appelsin eller anna knask til kvar, om dei er aldri so mange, jula får bukkane ikkje lov å bera ut, det er noko ein sjølv må ordna med.

7. Julebukkane brukar ikkje å ha gåver med seg, tvert imot ser dei helst dei sjølv kan få noko.

11206

8. Ein jamføring eventyra med dette

oppspinne kor ein ikkje tru på er meininga, men nærmast berre ein måte for sensasjon.

9. Umframt det ein har lese om skikk og bruk med julenisse, har ein inga personleg oppleving eller referansar å yta i so måte. Slik vilde i sofall verta å fortelja oppatt det alle veit.

Det var i Oakland California i året 1912 at ei smågjenta ein dag ho kom heim frå skulen – det var i dagane fram mot jul – som gjerne vilde vita om det var rett som lærarinna hennar den dagen hadde fortald i klassen at skikken med jula=nisse frå fyrst av kom frå Noreg, og vidare fortald at ikkje i noko anna land var det gjort slik stas i jula som i Noreg. I julehelga var det ikkje berre menneskja ein hadde tanke for med alt av godt, men jamvel husdyra skulde då ha ein ekstra smakebit –.

11206